Tøffe tak bak etableringa ■■ Tre avgjerande faktorar



# Der ingen skulle tru at Norge.no kunne bu

*PLASS TIL Å VEKSE: Difi (Direktoratet for forvaltning og IKT) sine tilsette på Leikanger held i dag til i nyutvida lokale.*

**LEIKANGER: I dag jobbar rundt 90 personar i Direktoratet for forvaltning og IKT på Leikanger. Det er langt frå tilfeldig at desse statlege arbeidsplassane vart lagde til regionen.**

– Utan forskingsbakgrunnen til Vestlandsforsking, det gode samarbeidet i IT-forum og ein pågåande fylkesmann, hadde ikkje Norge.no vorte etablert på Leikanger og dagens Difi hadde mest truleg hatt alle medarbeidarane i Oslo, seier Svein Ølnes, gruppeleiar for IKT ved Vestlandsforsking.

Difi hamna ikkje i Sogn og Fjordane på grunn av ei politisk bestemt utflytting av statlege arbeidsplassar, men ved at nøkkelpersonar i ulike institusjonar var vakne då det på 1990-talet oppstod tankar om ei statleg teneste som kunne vise veg til offentlege nettsider.

### Eit alternativ i vest

Tidleg i 1998 la ei nasjonal arbeidsgruppe fram rapporten Inngang Norge, som føreslo å opprette ein nasjonal informasjonsportal: «Hovedhensikten med Inngang Norge er å gjøre det enklere for folk å finne fram til offentlige tjenester og informasjon på nettet, og Inngang Norge bør ligge på det som kalles Verdensveven (World wide web)».

– Arbeidsgruppa som la fram rapporten «Inngang Norge» og etatane som tok tak i råda, hadde ei klar oppfatning om at tenesta skulle liggje i Oslo. Spørsmålet var berre om ho skulle leggjast til Statens informasjonsteneste eller til Statskonsult, fortel Svein Ølnes ved Vestlandsforsking. Det var på dette kritiske tidpunktet tidlegare fylkesrådmann Jan Øhlckers fanga opp at det kunne vere rom for ein etableringsstad utanfor hovudstaden. Ein ambisiøs fylkesmann, Oddvar Flæte, valde i lag med representantar for kommunesektoren og IT-miljøet ved Vestlandsforsking å by fram eit alternativ i vest. Mellom anna kunne dei vise til at Sogn og Fjordane låg langt framme innan IKT, med deltaking i store, internasjonale forskingsprosjekt og til den eigenutvikla portalen Fjordinfo.no, som var den første regionale vegvisarportalen her til lands.

### Dragkamp

Direktøren i Statens informasjonsteneste var sterkt imot at Norge.no skulle til Sogn og Fjordane. Han var klar på at den nye tenesta måtte leggjast til Opplysningstenesta i staten, som var ei av avdelingane i organisasjonen hans.

– Det vart harde møte, hugsar Oddvar Flæte, som saman med andre i IT-forum sette dei beste hovuda i gang med å førebu argument om det Leikanger kunne skilte med. Det vart ein del turar til Oslo; mange skulle overtydast.

– Når du er i ein slik kamp, må du heile tida argumentere. Og for å gjere det, må du vite kva som skjer på ulike stader til ei kvar tid. Dette kravde at vi gjorde grundige utgreiingar, seier Flæte, og viser til ein metode Leikanger-miljøet og IT-forum Sogn og Fjordane har hatt gode erfaringar med: å peike på og synleggjere det ein har og det ein kan – rett og slett skryte litt.

– I slike prosessar har vi ikkje vore så nøye med at vi har den eksakt rette kompetansen og kor vidt vi har plass til å huse alle dei nye tilsette. Det er slikt som ein ordnar etter kvart. Ein må ikkje starte med problema, seier den pensjonerte fylkesmannen.

### Vaks fort

Enden på visa vart at Norge.no vart vedtatt oppretta på Leikanger. Seinare vart Opplysningstenesta i Staten lagt inn under Norge.no og Statens informasjonsteneste i Oslo, den arge konkurrenten i dragkampen om Norge.no, vart slått saman med Statskonsult.



Svein Ølnes

Portalen Norge.no opna offisielt 24. januar 2000 med tre tilsette og tok raskt til å vekse. I 2005 vart banda til Fylkesmannen kutta og Norge.no vart ein eigen etat under Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Då direktoratet Difi vart oppretta i 2008 under Heidi Grande Røys og Stoltenberg II-regjeringa, ved ei samanslåing av Norge.no, Statskonsult og E-handelssekretariatet, hadde Norge.no rundt 30 tilsette. Sidan har Difi, med avdelingar både i Oslo og på Leikanger, halde fram med å tilføre regionen høgt utdanna arbeidstakarar – i dag har 90 av dei Leikanger som kontorstad.



*STARTFASEN: Dåverande Norge.no- redaktør Ove Nyland med statsråd Morten Andreas Meyer.*

### Felleskjensle

– Historia om korleis Norge.no kom til Leikanger er eit vitnesbyrd om kva ein kan oppnå når miljø som i utgangspunktet er små, samarbeider tett og strategisk, seier Svein Ølnes. Måten offentleg sektor og forskingsmiljø her i fylket fann saman på midt på nittitalet, gjennom fleire pionerprosjekt og tett kontakt på IKT-feltet, gjorde at Sogn og Fjordane var i stand til å vinne kampen om å bli vertskap for den nye tenesta.

– Vi utfylte kvarandre godt. Det kan nok vere lettare for små miljø å få ei slik felleskjensle, seier Svein Ølnes.

Idun A. Husabø, Vestlandsforsking
redaksjon@sognavis.no

**Fakta:**

**Vestlandsforsking**

Stifting etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 1985.

- Eitt av dei elleve regionale, samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta i Noreg
- Hentar 85–90 prosent av inntektene frå forskingsoppdrag.
- Har både regionale, nasjonale og internasjonale forskingssamarbeid
- 25 tilsette
- Hovudområde: klima, miljø, energi, IKT, reiseliv og regional utvikling
- I samband med 30-årsjubileet til Vestlandsforsking, trykker Sogn Avis ein artikkelserie om utvalde forskings- og utviklingsprosjekt.



*GERILJA: Oddvar Flæte kallar seg gjerne ein organisert geriljakrigar.*

# Motmakta i IT-forum

**SOGNDAL: Felleskjensla i fylket, som låg bak suksessen med å få Norge.no til Leikanger, var blitt dyrka fram gjennom samarbeid i IT-forum Sogn og Fjordane.**

Den no 20 år gamle organisasjonen IT-forum Sogn og Fjordane har vore ei drivkraft for innsatsen innan IKT her i fylket sidan etableringa i 1995 – med fylkeskommunen som den viktigaste bidragsytaren og Vestlandsforsking som sekretariat. Tidlegare fylkesmann Oddvar Flæte held fram tre viktige sider ved IT-forum:

– Det er eit forum der vi har kjent og brukt kvarandre utan eigeninteresse. Vi har ikkje hatt konfliktar om kven som gjer kva, og om ære. Og vi har køyrt mange idédugnader og utvikla kvarandre, seier han.

### Snur seg raskt

– Vi får høyre mykje om problema vi i Sogn og Fjordane har som er så små, men lite om alle fordelane, som at vi kan snu oss fort, seier gruppeleiar for IKT i Vestlandsforsking, Svein Ølnes. Det var denne mobiliseringsevna forskingsleiar Ivar Petter Grøtte ved Vestlandforsking sikta til då han karakteriserte IT-forum – der han sjølv er sentral – som ein «geriljaorganisasjon». I det la han at aktørane heile tida er mobiliserte og slår til straks det oppstår sjansar til å utvikle noko nytt i regionen. Både Oddvar Flæte og tidlegare fylkesrådmann Jan Øhlckers og kjenner seg som ein del av ein slik organisasjon – vel å merke med edle føremål.

– Eg kallar meg gjerne ein organisert geriljakrigar. I det legg eg at vi alltid visste kva vi gjorde orienterte kvarandre heile tida, understrekar Flæte. Også Svein Ølnes går god for denne skildringa av IT-forum.

– Vi representerer jo ei motmakt til sentralt hald. Du får ikkje tildelt noko – du må heile tida kjempe. Sit du med hendene i fanget, får du ingenting, seier Ølnes.

# Vestlandsforsking som utviklar av Norge.no

**LEIKANGER: Vestlandsforsking spelte ei sentral rolle i utviklinga av nettportalen Norge.no. Medan Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hadde det overordna ansvaret for tenesta, leidde Vestlandsforsking arbeidet med den tekniske utviklinga.**

Også spørsmålet om kven som skulle stå for den tekniske utviklinga av Norge.no, vart til ein dragkamp mellom aust og vest. Statens informasjonsteneste ville byggje Norge.no på sine IT-løysingar slik at dei fekk kontroll over den tekniske delen av tenesta. Til slutt vart portalen likevel bygd opp frå grunnen av dyktige utviklarar frå fylket.

– Dette var eitt av få offentlege IT-prosjekt som vart ferdig til avtalt tid og til avtalt pris, seier Svein Ølnes ved Vestlandsforsking.

Det nyetablerte Norge.no og Vestlandsforsking hadde stor gjensidig nytte av kvarandre frå starten av. Vestlandsforsking deltok i fleire store, internasjonale forskingsprosjekt og det var viktig å kome inn i nasjonale IT-prosjekt for å dra nytte av kunnskapen her i landet. For Norge.no var det nyttig å ha kompetanse i nærleiken som kjende tenesta ut og inn. I samarbeid utvikla organisasjonane mellom anna Kvalitet på nett (eit system for evaluering av kvaliteten på offentlege nettsider), grunnlaget for Miside og informasjonssystemet Los.

– Vestlandsforsking har dei siste 20 åra vore kontinuerleg involvert i eitt eller fleire internasjonale forskingsprosjekt. På IT-området har instituttet eit stort internasjonalt nettverk av forskarar som er viktig for framtidig internasjonalt forskingssamarbeid for Sogn og Fjordane, seier Merete Lunde, direktør i Vestlandsforsking.

– Historia om Norge.no syner at vi er slagkraftige her i Sogn og Fjordane når vi går saman om ei felles interesse og samarbeider om å nå felles mål, og viktig fagkompetanse er på plass, seier Lunde.

> *Når IT-forum Sogn og Fjordane kunne vise til EU-prosjekt pluss nasjonale forskingsoppdrag i regi av Vestlandsforsking, lukkast ein med å overtyde om at miljøet samla sett hadde kompetanse til å ta ansvar for ei såpass krevjande oppgåve som å utvikle den nye portalen.*
>
> **Svein Ølnes, Vestlandsforsking**